

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80 Fylke: Sör-Tröndelag
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hemne
 Emne: Folkemedisin. Bygdelag: Likroken
 Oppskr. av: Arne Södal Gard: Kveldsro
 (adresse): Kyrksäteröra G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Husråd -- Kjerringråd.

1. Det veit eg ikkje om eg kan svara på. Etter det gammalt folk fortel må ein mest tru at dei i gamal tid var vel så hardbalne ~~en~~ i dag. Det kom vel og i stor monn av at dei den tid måtte lære seg til å vera meir hardføre enn no - da det er så mykje gjort for å lette oppunder på alle vis. Lite var det ofte både av klede og mat, så dei gjerne både fraus og svalt. Og ikkje var det dokteren å springe til. Dei måtte hjelpe seg sjölve, anten det galdt å dra ut ei tann eller det var ein verkefinger som skulle kurerast, eller det som enda verre var. Men no får ikkje folk prøve kva dei tåler.
2. For visse sjukdomar var smittefåren så synverr at det var audsynt for alle som t.d. difterit, meslingane o.l. Og da vart det nok gjort meir og mindre heldige freistnader på å verje seg mot det. Men det måtte sjölsagt bli meir på râm og ram, da dei ingen kjemskap hadde til sjölve smittetoet. Fleire nemner tjöra som råd mot smitte. Dei kunne beint eta tjöra. Men det vanlege var å laga eim av tjöre og anda inn. Ellen Sinnes fortel såleis om bestefaren at han sette tjöre i ein kopp på omnen og så slepte oppi ein glödd jarnbite, og fikk på den måten kraftig eim.
3. Jau det var ikkje uvanleg. Dei fleste hadde i eldre tid ein del slikt ståande til bruk når noko kom på. Det kunne vera vesker på flasker, laga av ömse slag vokstrar eller av dyreemne. (Kjem attende til det under under omtalen av dei ömse sjukdomane.)
4. Det var vel ömse med det. Vettet har aldri fylgt garden. Det kunne sitte mang ein kloking i ei plassestue. Og for ein slik kunne dette å kurere folk bli litt av ein leveveg.
5. Jau det var vel ikkje så uvanleg. Eg har sjöl note godt av råder og medisin frå slike. Men i mi tid har korkje prest eller jordmor her i bygda agert kurmakarar.
7. Elen Sinnes fortel at bestefaren hennar, som var litt av ein kloking på dette området, han brukte å blande i hop treak, salmiak og brunsukker på ei flaske og så slå ~~vatten~~ kokande vatten på det. Dette brukte han mot krimsjuke. Heime var og lakris brukt i medisin mot

krime og hoste og hslsondt. Og det var slett ikkje så dum medisin. Ein vart varm all i gjennom når ein kvelvde i seg ein kopp eller to av dette.

- 8. Jau den var vel kjend. Han vart kjøpt på apotek, men eg har ikkje fått veta kva den var laga av. Her ikkje høyrte frå nokon at det var brukt som medisin. Men alle fortel at det var brukt mot orm. Dei drøypte nokre dropar ned på stakkefallen eller buksekanten når dei skulle ut og ferdast i lende der det var ormelende, helst da når dei var born. Anna Stolsmo, 75 år, fortel at dei brukte å drøype dyvelsdrekk på marka i ein ring rundt høybua når dei låg i marka på foring. Likeeins fortel andre at dei gjorde likeeins kring seterbua, så ormen ikkje skulle smyge seg inn under seterbua.
- 9. Det gjorde dei kvar for seg, alle som var interessert i det, og kjende til dei omse emne.
- 10. I flasker, om det var flytande varer. Törka urter og vokstrar i posar og koppar. Og så måtte det stå på ein stad der det var heilt tört, så det ikkje skjemdest. Eg hugsar mor, som var svært innteken i kjerringrokkte, ho göymde desse törka plantene i ein pose djupt inni ein skap. Blodigler vart berga over på ei flaske med vatten på. Og vatnet måtte da skiftast med omse mellomrom. Grisgallen vart göymt på sjölve galleblæra.
- 11. Jau. Dyvelsdrekk vart alltid kjøpt der. Likeeins igler. Her i Hemne var det igler i somme vatten og. Dei vart kalla hestigler. Men desse vart ikkje brukte på folk. Elles var det nok fleire ting som vart kjøpte på apotek, i alle fall noko av det som vart iblanda. Kamferbrennevin var såleis brukt i mange slag medisinar, og det vart kjøpt.
- 12. Det hehde vel. Men eg trur ikkje det var ofte. Her vanka ein liten bygdeoriginal dei kalla Litjolsen, som for kring i gardane ein del, med ei veske med omse medikament i, som han sjöl nytta når det hövde slik. Og det kunne nok hende at einkvan fikk halde av han eit eller anna av husråda hans.
- 13. Nei skrivekunsten var det jamt over heller skralt med i den tida, så det var det nok smått med. Og ikkje hadde dei så mykje å plage minnet med heller, så det vesle som höyrde med til desse rådene det var det nok ingen vanske med å halde greie på.
- 14. Nei det har eg ikkje høyrte gjete. Men derfor kunne det nok ha funnest.
- 15. Av vanlege husråder og medisinar som skriv seg frå gamal tid er det enda ei mengd som enda er i bruk. Og enda fleire er sikkært glöymde og gått av bruk. Ei kjend og rett effektiv råd mot "helvetseld" er enda mykje brukt. Namnet på denne plaga var gamalt nareld, og planten som vart nytta mot den heiter nareldgras, eller som det heiter her nåleihlgras. Det bot. Namnet er Linea. Eg har sjöl ved fleire høve hjelpt folk med denne råda, og alltid med godt resultat. I mine unge år fikk eg denne sjukdomen sjöl. Og da eg synte Mor det, sa ho. "Ja dette der det er da "nåleihl"det. Du må gå stad og finn nåleihlgras." Og sa meg kor det såg ut og kor det var å finne (i tuver med tytebærlyng.) Så koka vi laug eller te på dette, og smurde på såra. Og berre på ein gags tid var eg ferdig med det. Sia har eg sjöl kurert mange for helvetseld m.a ein dyrlækjar - og jamvel ein prest. Sist var det kona mi som her i sommar vart så ille ute for denne plaga. Ho var først til dokter eit par gonger, da vi til å byrje med ikkje var visse på kva det var. Men

han kunne inkje hjelp gjera, og pina vart reint fæl. Men da vi så vart visse på kva det var, og tok til med nål-
eihlgras, gav pina seg straks, og det retta seg liyt om
senn. Ho drakk og av laugen attåt at ho smurde på.

Igler

var gamalt mykje brukt som lækjeråd, serleg mot gikt og
tyngsle i kroppen og hovudet. Dei kjøpte ho på apoteket.
Og berga liv i ho med å ha ho ned på ei flaske med vatten.
Dette vatnet måtte dei skifte no og da. Når dei brukte ho,
sette dei ho borttil skinnet på den flekken som det gjord
mest ondt, og så saug ho seg straks fast og byrja syge
blod. Ho saug da til ho var full og stinn, og slepte så.
No hadde ho ikkje noko op i atterendan, så ho måtte töme
seg med å gulpe det opp att. For å få ho til det brukte
dei anten å ha ho på ei flaske med saltvatten, eller så
rulla dei ho i salt. For ho måtte töme seg, elles dauda
ho. Ein kune sette ho på fleire gonger, eller ein kunne
ha fleire igler å skifte med.

Eg kan minnst at eg ein gong som smågut såg dei sette
igle på far. Men eg syntes det var ufyse. Ei gamal kone i
grenda, Ingeborg Sinneshaugen, dreiv og sette igle på folk.
Men no så trur eg ikkje det finst nokon som driv med det
lenger.

I eit lite fjellvatten her attmed var det för fullt av
igler. Men det var av eit sers slag, som dei kalla
hestigle. Og ho vart ikkje brukt på folk. Etter namnet å
döme vart ho kanskje brukt på dyr. Ho skilde seg og ut med
det at ho hadde op i baken, så ho kunne töme seg på vanle
måte. Men så vart d t slept fisk oppi tjönna, og da kom
igla bort. Så no er ho ikkje å sjå der lenger.

Kopping

var og mykje brukt som lækjeråd, mest mot det same som
iglene. Sette det på, som igla, der som pina sat, på hovu-
det, halsen og nakken helst. Anna Stolsmo seier at dei
ofte wette igla i panna. Men koppinga tok det og ofte på
armen. Og i nåkken. Det var rett vanleg med kopping i eld-
re tid. Ei gamal legdekone, Ane Klöstra, dreiv mykje og
koppa folk. Og hadde med seg verkty til dette, ei bitte
lita öks som dei kalla bill. Somme kalla dette apparatet
kneppert. Det var som ei lita öks. Og så var det ei fjer
som heldt denne öksa i spenn. Når ein så löyste öksa frå
fjera, hogg ho til og sette hol der som ein skulle ta blo-
det, helst ved ei lita blodåre. Over såret sette dei så
eit honn, vanleg kuhonn, men avsaga så det var passeleg
langt, og med eit lite hol i toppen. Sette så tjukkenden
over såret og trykte godt nedtil skinnet. Og saug så
honnet, "koppen" tom for luft. Så gjort sette dei tapp i
holet, og let det stå slik og syge seg fullt av blod. Dei
kunne så töme og fülle fleire gonger.

Trur knapt det finst nokon som driv med kopping lenger.

Stubbsirismurning.

Var brukt som sårmedisin. Dei tok eit lite knippe
ferske mjuke björkekviser, kutta dei av så det vart
tverr stuv, og sette endane ned på eit varmt jarn. Det
pressast da ut nokre veskedropar or endane, og dette vart
så brukt på sår.

På frostsår

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vart brukt svinegalle blanda med sprit. Det skulle vera
rett effektivt. Ei anna råd for frostsår var ein smurning
laga av furukov og talg, koka i hop. Gjerne og litt sprit
atti. Marit Södal seier at dette var verkeleg ei god hjel

4

Talg var elles mykje med i slike heimeråder. Til utvortes bruk. Mot krime pla Mor å kline oss ungane inn med talg, under nasen, under öyro, rundt halsen, inni handloven og under fötene. Og så rende ho brædd talg inni öyro. Og så blöytte ho ein tjukk ullklut i brædd talg og terpentim og la det på bryste nærast kroppen. Denne kluten gjorde i alle fall god verknad. Og dette var vanleg rundt i bygda. For å bli retteleg varm fikk ein så attåt ein kumme med kokheit mjölk iblanda pepar.

Spanskflue

var rett vanleg husråd, helst brukt for verk og trote i kroppen, og mot gikt. Eg var sjöl i gutedagane så ille plaga med halssvoll, så eg var mest haugalen. Og ein gong det var fullgale, smeisa eg på spanskflue, på halsen over der det var som verst. Og ho dro ut ein stor vasspose, så vatten berre flaut da eg tok ho av att. Og pina gav seg, og eg vart bra. Ein gamal bygdedokter, Trond Kårmo, brukte mykje sp.fl., serleg mot gikt, seier Marit Södal. Ingeborg Sinneshaugen brukte den og for vatten i lungene. Æa på fleire rundt kring brystet. Og dro ut vatten så det var sått rundt bringa. Og det vart bra med det.

Ofte la dei og på "talglut" over såret etterpå, for å få ut mest mogleg. Talglut på sår og verk var mykje vanleg. Talgen var svær til å dra ut ilska og reinse såret. Kamar vart og brukt til å trekke ut verk or sår, serleg på kröter, t.d. verkande hestföter. Eg har sjöl vore med og kurert ein hestfot på den måten i mine unge år. Ein av öykene hadde vondt i ein fot, hoven og öm. Så klinte vi ut ein "skitlabb" og la over og tulla filler ikring. Og foten vart god, kva det no var som gjorde det.

Urin var og brukt. Ingeborg Sinneshaugen rådde såleis ein mann til koke i saman piss og römme, til å gro eit sår på foten hans.

Ein mann oppi Rennebu var det fortalt om at han brukte piss mot all slag ilske. Ja at han endatil drakk det. Tok seg ein sup kvar morgon.

Parafin var og brukt som medisin. Både til å ta inn og smör på. Marit Södal fortel om ein mann inni Snillfjorden som brukte å drikk parafin. Det skulle hjelpe for areforkalking.

Kjerringrokk var og nytta. Mor hadde slik try på den, og kunne aldri vera den forutan. Hadde alltid noko törka kjerringrokk liggande. Koka laug på den og hadde ståande på ei flaske. Og nytta den både innvortes og utvortes. Hadde ho vondt i eit auge, så skylta ho det i denne laugen. Og var det noko ugreie med magenå så var det å ta inn noko kjerringrokkte. Ho samla den om sommaren, törka han og göymde han på ein tör plass.

Å "legge stål på" var brukeleg når ein hadde slege seg så det vart store kular. Far hadde det gil viss råd for oss ungane.

Geiteklauvte var brukt mot nyresjuke. Brordotter mi som døydde kring 1930, var ille plaga av den sjuka. Og ho dreiv mykje å kurere på seg med geite klauvte.

Marit Södal fortel at ein amerikanar som kom heim gav bror hennar som råd mot plövrit at han skulle koke laug av einerot og drikke. Eine har visst vore mykje nytta som lækjeråd. Bestemor mi måtte såleis aldri vera aud for eine bær. Ho koka kaffe på den. Ingeborg Lidal, 83 år, brukte og einebærkaffe no og da. Det var helsebot i det, sa ho.

Geitemjölk vart og brukt som medisin, serleg for svinn sott eller tæring. Det er fortalt om skuledirektör Tomas-

sen Overvik, at han i ungdomen vart ute for brystsjuke. Han vart tilrådd, truleg av lækjar, å fara oppi Søvassdalen her i Hemne, der det den tid var dreve mykje med geiter, og gje seg til å drikke geitmjølk. Han gjorde så, låg der ein sommar på "gjösti". Og han fikk att helsa med det.

Kamferbrennevin og kamferolje var mykje brukt, helst iblanda annan medisin. Nyttå til ömse. Helst mot krime og på sår.

Anna Stolsmo fortel om ein plante dei kalla gråbu. (Ho kan ikkje gjera meir greie på kva slag vokster det var). Dei koka laug på han, og dette var så fint å vaske håret i. Det vart då så fint og friskt og fikk så ven ein glans, og voks så godt etterpå.

Likeeins fortel ho om ein plante dei kalla ringormgras, ein blomster som voks på myrar, og som skilde ut ei seig væte. Og denne pressa dei ut og hadde på utslettet.

Ho fortel og om han Gammaljohan (døydde nyleg over 90 år gl.) Han hadde ein gong "reina" handa si (noko ein somtid blir ute for nåt ein driv hardt med same handrörsla & ho homnar da opp og blir raud og öm over handloven). Han kom da inn og bad om å få eddik og smör. Av dette laga han så ein smurning som han smurde på ein klut og la over handa der ho var ond. Og dermed så gjekk han ut att og heldt fram med arbeidet. Og ho höyrde ikkje meir om det. Til vanleg, om det berre skal rette seg av seg sjöl, så kan det ta lang tid för det blir bra att.

Gammaljohan Hadde og noko han kalla perikumbrennevin, men no har eg glöymt både kor det var laga og kva det serleg var brukt for. Det var som namnet seier laga av planten perikum tilsett brennevin, og var nytta som medisin.

Bygdelækjarar.

no Her i bygda trur eg ikkje ein kan seie at det var som kan kallast bygdelækjar fullt ut, i alle fall som folk no minnest. Ein og annan var noko framom folk flest når det galdt å hjelpe dei som vart ute for noko med helsa. Her på Stolsmo hadde vi såleis i mine gutedagar ein Jo Hansstua som var noko meir kunnig på mangt slikt enn folk flest. Han kunne grö sår, og ta i nokre bestar og om det sto om. Men han brukte mest berre slikt som ein kunne få på apoteket, som blyvatten, borvatten, terpentin o.l. Ingeborg Sinneshaugen var heller ikkje borte i mange höve. Men det var vel kanskje i meste laget "kjerringråder" ho for med. Ho var sers flink ~~tt~~ til å ta rusk or augo på folk. Ho sleikte auget. Eller ho tok og bretta augekvarmen opp, så ho kunne få sjå betre, og fikk såleis tak på rusket.

Ein Jakob Hollamyr for i min barndom somme tider rundt i gardane på smått litt handel. Og kunne samstundes gje råd og rettleing om om sår og råd for ömse slag sjukdomar. Men det var no helst berrø småting det galdt.

Men Trond Kårmo frå Orkdal var i si tid ein mykje nytta bygdedokter, og han var og henta hit til Hemne for å hjelpe folk. Marit Södal fortel om han at han ein gong vart henta til heimen hennar for å ta ut ein stygg verk i låret på tenestgjenta deira. Verken sat djupt, men Kårmo skar og djupt, berre så verken spruta. Og foten vart god med det.

Mor var heller ikkje nöggare enn at ho besta att eit sår når det sto om. Men det var no berre i naudsfall.

A. Lækjaren.

16. Eg trur ikkje det var noko visst med det. Både menn og kvinner kunne gje seg av med lækjekunster.
17. Det var nok og noko ömse. Lækjargivnaden kunne like gjerne godt gå ut frå ei plassetue som frå ein storgard. Slikt går ikkje etter stand og storleik.
18. Jau det kunne det nok. Ofte var slike som flyttande f^{komme} frå andre kantar vera kloke og tiltaksame folk som på mange måtar og omkverve vart læremeistrar der dei kom.
19. Det ömsa vel med det og.
20. Slike givmader gjekk ofte i arv, som alt anna. Om Garberg-leddoktrane i Orkdala veit vi såleis at det i fleire ættleder har vore nokon i den ætta som har hatt sergivnad for å "ha attiat" ledar, og vore nytta til dette av mykje folk frå mange bygder her i kring.
21. Hos Garbergkarane såg det mest ut til at dei var födde med denne givnaden. Men sonen bybja gjerne ikkje fär faren var vorten så gamal at han gav opp.
22. Det skal eg ikkje seie noko om. Ein må vel tru at med kunna så fylgde og lysta til både å hjelpe og röyne seg.
23. Aldri anna enn tilfeldig hjelp, når nokon kom og bad om det. Dei var aldri påtrengjande slik. Heller tvertom.
24. Det var nok aldri eller sjeldan nokon fast takst for slik hjelp. Ofte fikk dei nok betalinga i naturalia. Dei ville helst ikkje forlange noko, men overlet til vedkomande sjöl å avgjera kor mykje han ville gje.
25. Nei det var nok farleg lite, om i det heile noko. Ofte var desse studerte folka heller bryske og ville helst ikkje gå med på at desse "kvaksalvarane" gjorde noko gagn, men heller berre mara folk med kunstene sine. Så desse heimedoktrane var vel helst redde dei. Men sjöl-sagt kunne det vera unnatak.
26. Det var vek ömse med det. I eldre tid da det var langt etter studerte folk, så hadde visseleg heime doktrane stor både tiltru og söknad. Meir overtru var det nok og, som stödde oppunder dette. Men litt om senn vart det nok mindre både med tiltrua og söknaden, etter kvart som det vart lettare å koma til doktrane. Likevel så har det til siste tid vore somme som heldt fast på og gjekk til desse "naturlækjarane" i alle fall for somme slag sjukdomar, serleg slike som medisinarane har vore mindre flinke med, som eksem og ömse slag utslett, mage-sjukdom o m. Her i bygda har vi ingen som driv med noko slag kurering no, å rekne på. Men det er ikkje så sjeldan at bygdefolk reiser til ein eller anna utom bygda, helst i Trondheim, for å få råd for eitt eller a anna som dei har plagast med i lenger tid og sökt mange doktrar for utan å bli betre. Om ein ikkje alltid har så sterk tru på dei, så vil ein gjerne prøve - om det kanskje kunne hjelpe.
27. Her i bygda har det aldri hendt, og ikkje har her vore noko "kvaksalverdrift" å snakke om heller. Men i Trondheim har vi da hatt slike saker eit par gonger.
28. Her frå bygda har nok aldri nokon vore stemt som vitne i ei slik sak. For her har det aldri kome til ~~slike~~ slike samanstöytar.

7

E.s. Ein gamal mann, Lars Lehn, - han er av hemneværingssett men bur no i Tiller - han har alltid med seg Dyvelsdrekk når han kjem hit ut. Han har litt av deyt på garna når han skal ut og sette garn. Han seier ikkje noko om kvifor han gjer det. Men föremålet er sikkert at det skal bli meir å få på garna. Og dei seier at det er merkeleg kor det slær til med fisket hans.

Elen Sinnes fortel om ei kone som nytta kjerringrokk-laug mot blærekatarr. Ho kokte det opp og slo det i potta, og sette seg over det.

D.s.

Ingeborg Sinneshaugen hadde ein sårmedisin laga av blada på kvitbladtistel, eller sausprengje som vi kallar den her. Tok ein del av desse store blada og kreista dei hardt i nevene. Ein fikk da ei brun saft som vart samla og hatt på eit glas. Og dette vatte ein da såret med med ömse mellomrom. Ein göymde så denne veska til sienare bruk.

D.s.

Henne 12/12/1966

Anne Södal

16018